



Ølen Grendautval meiner at ...

- born og unge må prioriterast når Vindafjord kommune sine politikarar utarbeider kommunebudsjettet. Fleire kommunar, som til dømes Vinje kommune, som kjem på 3. plass i Unicef sin kommuneanalyse for 2020 over dei beste kommunane i landet å vakse opp i, har prioritert å drive desentralisert med barnehagar og skular i alle bygdene i kommunen. Vindafjord kommune var i denne målinga heilt nede på ein 200. plass.

- det er ikkje sikkert at det som er rett for Vinje kommune å gjere, er det rette for Vindafjord kommune. Men Vindafjord kommune må ha som mål og ambisjon å klatre høgt på denne statistikken i åra som kjem. Det er viktig både for borna og for dei unge sjølve (me vil at dei skal ha eit godt liv) og for kommunen. Fråflytting og forgubbing i grendene våre kan bli resultatet av nedprioritert satsing. Me vil ha levande grender, og der høyrer barnehagar og skular med.

- det er viktig at Ølen som kommunesenter ikkje blir tappa for funksjonar. I regionalplanen er det vedteke at Ølen skal vera eit regionsenter på indre Haugalandet og i den samanheng må me ha både barnehage og grunnskule. Me vil ha ein skule for alle elevar mellom 6 og 16 år - frå 1. – 10. trinn. Sjølv med nokre desentraliserte tilbod er det òg viktig for alle i kommunen at den har eit sterkt sentrum med dei tilboda innbyggjarane har behov for og kor ein har tilhøyring.

- gode barnehage- og skuletilbod er ein særst viktig faktor når nye familiar skal etablere seg. Rett satsing på dette området vil tiltrekke seg nye innflyttarar. Ned-prioritering av tilboda vil føre til det motsette.

- det er viktig å oppretthalda eit levedyktig barnehage- og barneskuletilbod, og å halda fram med ungdomsskule i Ølen, som i dag. Eit sterkt og godt utbygd senter vil etter vår meining òg vera ein styrke for vidare vekst i dei ulike grendene i kommunen.

- eit Ølen sentrum utan full barne- og ungdomsskule vil medføre større behov for skuleskyss, og dermed større kommunale utgifter til transport.

- det må i vurderinga av barnehage- og skulestrukturen i kommunen og leggast vekt på funksjonar som alt er tilgjengelege, og som er- og vil koma til nytte for born og unge. I Ølen gjeld dette til dømes eit moderne bibliotek og kultur- og læringsenter. Det er moglegheiter for samarbeid med den vidaregåande skulen, noko som ligg i læreplanane. Her er idrettsanlegg og planar om framtidig idrettshall ved fotballbanen. Kva ein ny idrettshall skal romme av tilbod vil berre framtida vise, men moglegheitene er mange, og vil uansett koma komande generasjonar i heile kommunen til nytte og gode.

Ølen Grendautval ber politikarane våre legge vekt på verdiane barnehagar og skular har å seie for dei ulike grendene, men ikkje minst for kommunesenteret når dei skal gjera sine vedtak!